

Båten som bar ein nasjon

Strandebarmaren meistra både bølger og nye marknader. Men ikkje konkurrenten av plast.

GUDMUND SKJELDAL
kultur@bt.no
foto VIA KAPABEL FORLAG OG
PETER HELLAND-HANSEN

Etter 20 år med innsamling og to år med skriving dag og natt, etter å ha fått 172 teikningar og 906 foto på plass, er Peter Helland-Hansen endeleg ferdig med praktverket «Strandebarmaren». Han har arbeidd med gamle meistrar i trefaget og ein kanskje dødsdømd båtbyggjar-kunst. Boka er på same tid ein desperasjon og ein inspirasjon, ein nekrolog og ei oppskrift, alt på 376 sider.

– Din kjærleik til denne kunsten byrja med garnfiske, og ikkje med båten i seg sjølv?

– Eg fiska mykje i lag med far min i Nordfjord i oppveksten, han var ein ivrig hobbyfiskar. Det grensa mykje mot matauk, vi var seks ungar som skulle mettast. Når sommaren var over, var frysen på Hop smekkkfull med torsk, lyr, steinbit og sei. For meg var det jo ei spenning i dette, men også ei glede over å vera i båt.

– Båten dykkar var spiss i begge endar. Er det mystikken – og definisjonen – på ein strandebarmar?

– Det treng ikkje vera det. Strandebarmaren kan også vera ein spegelbåt, med tverr bakende, vinkelrett og justert for motorfeste bak. Denne varianten av båttypen kom for fullt framover på 1950 og 60-talet. Strandebarmaren er bygd i tre, og er oftast ein færing, det vil seia ein robåt med to årepar. Storleiken er mellom 14 og 18 fot, og han har tre til seks bordgangar som ber han. Det finst også andre mål, for strandebarmaren er blitt tilpassa nye behov og marknader og finst følgjeleg i ulike former.

– Du har skrive ei tjukk bok om ein edel handverkstradisjon – som er kor gammal?

– Dei fleste båtforskarar vil seia det er ein kontinuitet heilt frå vikingtida og fram. I boka har eg konsentrert meg om tida frå 1800 og fram, altså dei siste to hundre åra.

– Du bruker eldgamle ord og

uttrykk, som «skyta omkring botnaomfaret» og «brunfella børa». Kva betyr det siste?

– «Børe» er namnet på omfaret (bordgangen) som kvelvar seg over sjølve botnen i båten. Å brunfella børa betyr såleis å høvla kanten på bordet så det får rette vinkelen før det neste bordet skal på plass. «Brun» kjem av bryn, som augnebryn og fjellbrynet.

– «Keipen» var eit fjell i min barndom, det likna dette motstemmet på båtripa for sjøve åra. Då eg blei vaksen lærte at eg i Hardanger kalla dei fjellet «Skrott», som ikkje har med roing å gjera...

– Dette er eit fenomen som gjeld mange stadnamn og fjelltoppar: Dei får namn frå dei ulike synsvinklane eller bygdene, og Norsk kartverk sit att med utfordringa. «Keip» er eit ord ein finn på fjell langs heile kysten. Mange stadnamn har ord frå sjølivet på denne måten. Eit anna døme er to kvasse toppar attmed kvarandre som ofte blir kalla Sula. Det peikar på reiskapen som fiskaren sula hampesnøret sitt på. På Shetland nyttar dei elles det same ordet «keip». Kva var forresten spørsmålet?

– Ikkje anna enn at eg liker så godt det ordet. Fortel meg kvifor båten heiter «Strandebarmaren». Var det så mykje godt trevirke i den bygda, i enkel og simpel furu? Var furu eigentleg tilstrekkeleg materiale?

– Namnet kjem frå bygda Strandebarm, som ligg eit stykke ut på





LOFTSVARE: Strandebarmaren var grunnlaget for båtforretninga L.H.Berge. Her frå utlasting frå bandeloftet i Sandviken.

DETTE ER ...

Peter Helland-Hansen

- Fødd i Bergen i 1966.
- Båtbyggjar og leiar ved småbåtverkstaden ved Hardanger Fartøyvern-senter.
- Båtbyggjarutdanning: Eitt år ved båtbyggjarlinja i Jondal, tre år i lære på Sunnmøre og i Troms.
- Leiar for småbåtverkstaden ved Hardanger fartøyvern-senter.
- Aktuell med boka «Strandebarmaren. Småbåtbygging i Hardanger» på Kapabel forlag.





vestsida av Hardangerfjorden og var eit kjerneområde for bygging av båttypen. Her var det mykje god furuskog. Ofte nytta ein kombinasjonar av furu og eik – eik i kjøl, reisingar og keipar, og furu i bord og innved, altså band og betar. Og furu er no ikkje furu, for å seia det slik. Ein må velja rett tre. «Båtsvedstokkar» var det noko som heitte før. At furua var seinvaksen, var eigentleg ikkje det viktigaste, slik det gjerne er i byggjekunsten elles. Fiskarane var opptekne av om båten var mjuk, og rista han gjerne i stammen for å sjekka dette. Var båten mjuk nok, kunne han tola bølgen betre.

– Du har intervjuja mange båt-

byggjarar i innsamlingsarbeidet ditt. Finst det noko felles ved dei?

– Arne Tveit frå Røyrvik er kanskje typisk for dei. Han er bonde og bygde båtar som attåttnæring, og har lært handverket av bestefar sin. Han er nøysam.

– **Ikkje nøyen, i tydinga perfektjonistisk?**

– Dette var ulikt mellom båtbyggjarane. Nokre var svært nøgne medan andre gjorde grovare arbeid. Når eg peikar på at dei var nøysame, handlar det om at dei kunne nytta trevirket fullt ut. Dei kasta ikkje det overskytande bort, slik vi har fått for vane i våre dagar.

– På sitt aller travlaste i mel-

lomkrigstida laga ein 1300 færingar årleg, berre i Strandedarm. Båten erobra heile landet?

– Det kan ein seia. Båten blei nytta langs heile kysten og i heile Sør-Norge. Det var ein

betydeleg eksport til Sverige og Island, og i nokon mon til USA også.

– **Så kom plastbåten og reiv marknaden bort?**

– Båtbyggjarane som tradisjonsberarar er heilt på tampen

no. Av dei 15 som eg intervjuja undervegs, er berre nokre få att i live. Det var eit far-til-son-yrke. Marknaden er heilt marginal no, og moglege kundar må følgjast veldig tett opp.

– **I boka di fortel du om heile den lange prosessen frå du finn materiale i skogen til båten ber deg på sjøen. Boka er ikkje berre meint for museum. Du slår eit slag, som det heiter, for amatører?**

– Eg vonar å vekkja interesse for handverket att. Men ein blir ikkje båtbyggjar over natta, og heller ikkje av å lesa denne boka åleine. Rådet mitt er å byggja ein strandebarmar i lag med ein som kan. Noko IKEA-oppskrift er dette *ikkje*.

– **Når eg ser framsidebiletet av deg i båten, i bølgen, og med djupet under kjølen på strandebarmaren, då tenker eg at det er bilete på noko meir. Noko spinkelt, og likevel veldig elegant?**

– Trebåten er nært på naturen. Naturen har sett premiss for korleis han kan sjå ut, han set premiss for materialet, og for kor langt ut på havet fiskaren kan ro. Det er noko finslipt ved strandebarmaren. Han er ein liten farkost på eit stort hav. Den gamle båten var også i bruk heile året. Han var ein transportmiddel som bilen i dag, og i ein puls det nesten er vanskeleg å førestilla seg.



ORDBYGGJARKUNST: Her er «botnskapet» ferdig «omkringskote», og skordene står omfaret så det «held rette legget». FOTO: PETER HELLAND-HANSEN



VASSEKTE: Nøyen og nøysam var båtbyggjaren - og enno gardbrukaren - Arne Tveit frå Røyrvik. FOTO: PETER HELLAND-HANSEN